

Til stades: Reidar Veland, Margareth Hagen, Marco Gargiulo, Fredrik Sandvik (stud.repr.), Camilla Skalle, Guro Sandnes (ref.).

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og saklista blei godkjende.

2. Italienskfaget sitt forhold til bachelorprogrammet Språk og interkulturell kommunikasjon (SPIK) (vedtakssak)

Hovudargumenta var følgjande:

- SPIK-studentar tar ikkje like mange emne i italiensk som studentane på bachelorprogrammet i italiensk, og dei skriv ikkje bacheloroppgåve i italiensk. Studentane er derfor ikkje godt nok førebudde til å ta ein master i italiensk.
- Dei to disiplinane språk og litteratur er sterkare knytt til kvarandre i italienskfaget enn i dei andre språkfaga: Litteratur er sterkt integrert i italiensk språkhistorie. Alle som studerer italiensk bør derfor ha like mykje litteratur som lingvistik.
- TRANSHF, som er obligatorisk i SPIK-graden, overlappar i stor grad med ITAL201, som SPIK-studentane tek i tillegg.
- Litteraturdelen av italienskfaget ved UiB har ei særstilling i Noreg, basert på ein nasjonal avtale.
- På den andre sida blei det argumentert med at italienskfaget har frå før få studentar, og treng dei ein kan få. Ein bør vere pragmatiske, og tilby italiensk til dei SPIK-studentane som ønskjer det. Rapportar frå SPIK-programmet tilseier òg at studentane er nøgde med fordeling språk og interkulturell kommunikasjon, og ville antakeleg valt SPIK med eit anna språkfag framfor bachelor i italiensk.
- SPIK-studentane har italienskemne alle dei tre åra, som er ein fordel, mot tre semester hjå dei som er på bachelorprogrammet i italiensk.

Programstyret i italiensk vedtok med tre mot ei røyst å trekkje seg ut av SPIK-programmet.

3. Studieplanendringer

Bachelorprogrammet:

▪ ***Studieplan:***

- Nye læringsutbyttebeskrivelser basert på tre hovudkategoriar; kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.
- **Mål og innhald:** Presisering av samanheng mellom språk og litteratur
- **Tilrådde forkunnskapar:** Presisering av tilrådde forkunnskapar frå vidaregåande skole
- **Obligatoriske emne/spesialisering:** TRANSHF: Studentane skal ikkje lenger kunne skifte ut ITAL201 med TRANSHF. TRANSHF kan ikkje lenger gå inn som del av spesialiseringa i italiensk.
- **Vurderingsformer:** Presisering av krav til omforming ved evt innlevering av samme

oppgåve.

- **Yrkesvegar:** Mindre endringer i teksten.

▪ **Emneomtalar:**

- **Mål og innhold:** Omformulering av innhald på ITAL113, 114. ITAL201: Presisering: «[...] omsetjing *til og frå norsk* basert på eit teoripensum og praktiske øvingar.»

- **Undervisningsspråk:** Legge til norsk på ITAL201

- **Læringsutbytte:** Nye omtalar på ITAL001, 111, 113, 114, 201, 252

- **Undervisning og omfang:** Mindre redaksjonelle justeringar på ITAL111, 113, 114, 201

- **Obligatoriske arbeidskrav:** Presisering av språkval på refleksjonsnotatet på ITAL201, og omsetjingsoppgåva skal vere frå italiensk til norsk. Mindre justeringar på ITAL252: Semesteroppgåva skal skrivast på fire veker.

- **Vurderingsformer:** Mindre justeringar på ITAL113 (oppgåva skal skrivast parallelt med undervisninga på slutten av semesteret), justering av lengde på eksamen i omsetjing på ITAL201 (frå tre til fire timar på omsetjingsprøva)

Masterprogrammet

- **Læringsutbytte:** Nye omtalar på programnivå basert på tredelinga kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse.

- **Opptakskrav:** Presisering av krav til spesialisering: «Om kandidaten har studert ved ein lærestad som har krav om minimum 80 studiepoeng med spesialisering/fordjuping, vil dette bli akseptert som opptaksgrunnlag.»

4. Forslag til eksamensplan V13

MIDTSEMESTERESAMEN					
SEMESTER: vår ÅR: 2013					
Emne	Eksamensdato (*)	Sensor 1	Sensor 2	Lagar oppgåve	Går "trøysterunde"
ITAL114	6. mars	RV	CS	RV	RV

SLUTTSEMESTERESAMEN					
SEMESTER: vår ÅR: 2013					
Emne	Eksamensdato (*)	Sensor 1	Sensor 2	Lagar oppgåve	Går "trøysterunde"
ITAL001	10. mai	NO	RV/KS22.5	NO	NO
ITAL111	15. mai	RV	CS	RV	RV
ITAL113	17.4-8.5	NO	RV/KS24.5	NO	
ITAL201	10. mai (g.)	CS	RV	CS	CS
ITAL201	15. mai (o.)	RV	CS	RV	RV
ITAL252	?	CS	MH/KS	CS	

(*)For heimeeksamenar og liknande skal det setjast opp utleverings- og innleveringsdato for oppgåvene.

5. Forslag til undervisningsplan H13

001	6 timer	NO	(timelærerressurs: 160 t.)
112	6 timer	MH + NO	
114	4 timer	MG + RV	
301	4 timer	[MG + RV]	
302	4 timer	[MH]	
(TOLK HF		RV)	

04.03.13/GS